

STIPENDORDNING FOR DEG SOM TEK UTDANNING SOM SJUKEPLEIAR ELLER VERNEPLEIAR

Time kommune ligg midt på Jæren, kun ein halvtimes tog- eller kjøretur frå Stavanger eller Egersund.

I Time kommune tilbyr me gode stipendordningar for deg som ønskjer å ha jobb i tillegg til studiet ditt.

Helse og velferd i Time kommune har for tida mange spennende prosjekt. Mellom anna vert det arbeida med:

- satsing på tilsette med å tilby relevant kompetanseheving
- heiltid
- nye arbeidstidsordningar
- velferdsteknologi

Hvis du vil vera med å forma morgendagens helse- og velferdstjenester, så ta kontakt med oss via nettsida vår www.time.kommune/ledigestillingar ved å leggje inn søknad på helgestilling.

Kriterier for å motta stipend

- Først må du ha inngått avtale om fast helgestilling i ein av våre avdelinger
- Du må arbeida kvar tredje/fjerde helg eller oftere i perioden 15. September – 19. Juni
- Minst 80 % stilling i 5 veker i løpet av perioden 20.juni - 20.august
- Fråvær over 10 % gjer ikkje rett til utbetaling av stipend

Basert på dette kan ein motta inntil **kr 35.000** pr.år.

Stipendet skal vera ei delvis støtte til studie- og semesteravgift og litteratur eller anna i samband med utdanninga. Stipendet vert gitt etterskotsvis og vert rekna som skattelpiktig løn.

Stipendordninga kan verta endra/fjerna av arbeidsgjevar, men dei som har oppfylt kriteriene for utbetaling av stipend vil få utbetaling før ordninga evt. opphøyrer.

Studentavlønning - sykepleier og vernepleiar

	Årslønn	Timeløn i turnusarbeid
1. år	370.000	200,43
2. år	390.000	211,26
3. år	410.000	222,10